



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 26.01.2022

Tid Onsdag 26.01.22 kl 16.00-20.00
Stad Vekselstrøm / videolink

Til stades med stemmerett: 11

AHL Andrine Kompen (H), Severine Riise Eidem (V)
AKF Håvard Sætre Øvrebø (H), Calvin Thomas Berget (V)
AMF Henriette Nordheim (H), Gwendolyn Wördenweber (V)
ASH Monira Adam (H) tom. Sak 40 , Jenny Nystad (H)
FRI Rikke Jenny Pettersen (H), Vidvuds Karlis Sulcs (H), Abdikani Amin (H) tom. sak 40)

Meldt forfall: Robert Kim Hoang (AHL), Leander Prag Sømme (AKF), Ayoub El Azzaoui (AMF), Bethel Britto (AU)

Til stades utan stemmerett

AU: Trond-Fredrik Hoddevik, Fady Gemayel, Daria Jermacane, Matilde Tafjord Rødhammer (frå kl 17.00)
Ordstyrar: Irmelin Angell Losvik
Referent: Organisasjonskonsulent Marit Aklestad
Andre: Sak 42: Leiar i NSO Tuva Todnem Lund (videolink)
Sak 43: studentprest Ruth Eva Sollie
Sak 45: Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen

Saksliste

Sak 34 – 21/22:	Opprop og val av møteleing	2
Sak 35 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 36 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med saksliste	3
Sak 37 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 24.11.21.....	4
Sak 38 – 21/22:	Årsmelding for 2021	4
Sak 39 – 21/22:	Rekneskapet for Studentparlamentet 2021	4
Sak 40 – 21/22:	Budsjett 2022	5
Sak 41– 21/22:	Suppleringsval for verv i Studentparlamentet	6
Sak 42 – 21/22:	Helsing frå NSO.....	7
Sak 43 – 21/22:	Velferdsgruppa sitt samtaletilbod	8
Sak 44 – 21/22:	Stand og promotering av Studentparlamentet	9
Sak 45 – 21/22:	Framtidige lokaler for Studentparlamentet	10
Sak 46 – 21/22:	Idear og innspel til Fadderveka 22	11
Sak 47 – 21/22:	Strategiplan for HVO 2022-29, endeleg versjon.....	12
Sak 48 – 21/22:	Orienteringar	12
Sak 49 – 21/22:	Eventuelt.....	12

Sak 34 – 21/22: Opprop og val av møteleing

Type sak: Vedtakssak

Namneoppnop

11 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige

Val av møteleing

Vedtak (samrøystes)

- Irmelin Angell Losvik vart vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Daria Jermacane og Matilde Tafjord Rødhammer vart valde til teljekorps.

Sak 35 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 36 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok fylgjande dagsorden for møtet med følgjande tillegg:

- 1 sak til eventuelt: kostnad for printing

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 26.01.22		Saksansvarleg/framlegg
	34	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
16.30	35	Godkjenning av innkalling	V	Ordstyrar
	36	Godkjenning dagsorden med sakliste	V	Ordstyrar
	37	Godkjenning av referat frå møte 24.11.21	V	Ordstyrar
16.35	38	Årsmelding for 2021	V	Leiar
16.50	39	Rekneskap for 2021	V	Org.kons.
17.00	40	Budsjett for 2022	V	Org.kons.
17.10	41	Suppleringsval til verv i Studentparlamentet	V	Nestleiar
17.20	42	Helsingstale frå NSO	O	Leiar NSO
17.35		Pause		
17.45	43	Velferdsgruppa – samtaletilbod	D	Leiar/Studentprest
18.10	44	Stand og promotering av Studentparlamentet	O/D	Infoansvarleg
18.20		Pause – synfaring Strøm		
18.35	45	Framtidige lokaler for Studentparlamentet	V	Leiar/Høgskuledir.
19.15	46	Idear og innspel til Fadderveka 22	D	Velferdsansvarleg
19.35	47	Strategiplan for HVO 2022-29, endeleg versjon	O	Nestleiar
19.45	48	Orienteringar	O	Leiar
	49	Eventuelt		
20.00		Møteslutt + møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Sak 37 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 24.11.21

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 24.11.21.

Sak 38 – 21/22: Årsmelding for 2021

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet tek årsmeldinga for 2021 til vitende.

Sak 39 – 21/22: Rekneskapet for Studentparlamentet 2021

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet tek rekneskapen for 2021 til vitende.

Sak 40 – 21/22: Budsjett 2022

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok AU si innstilling til budsjett for 2022 utan endringar.

Budsjett 2022

Vedtatt på møte i studentparlamentet 26.01.22

Forventa inntekter	2022	Revidert Bud. 2021
Støtte frå HVO	kr 125 000	kr 125 000
Støtte frå SiVolda	kr 100 000	kr 100 000
Inntekter frå standleige	kr -	
Totalt	kr 225 000	kr 225 000

Forventa utgifter fordelt på budsjettpostar	2022	Revidert Bud. 2021
Drift av Studentparlamentet		
Seminar, kurs o.l.	kr 25 000	kr 20 000
Møtegjennomføring	kr 30 000	kr 25 000
Informasjon/profilering	kr 25 000	kr 30 000
Sosialt	kr 30 000	kr 30 000
Drift/kontor	kr 10 000	kr 10 000
Anna uforutsett: forsl. stryke/slå saman med drift	kr -	kr 10 000
Sum	kr 120 000	kr 125 000

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar	2022	Revidert Bud. 2021
Fadderveka	kr 10 000	kr 5 000
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr 90 000	kr 95 000
Sum	kr 105 000	kr 100 000

Totalt	kr 225 000	kr 225 000
---------------	-------------------	-------------------

Abdikani Amin og Monira Adam søkte permisjon. 9 stemmeberettiga i resten av møtet.

Sak 41– 21/22: Suppleringsval for verv i Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet gjennomførte suppleringsval som følgje av at nokre studentar har reist frå Volda eller trekt seg frå verva sine. Studentparlamentet vedtok AU si innstilling utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Ny 1. vara AHL: Ammy Bolme, maglu 5-10

Ny 2. vara AHL: Jonas Kumpch Eilertsen, barnehagelærer 2. året

Ny 2. vara AMF: Andrine Glad Myklebust, journalistikk, 1. året

Ny 3. vara FRI: Ida Margrethe Ulvestad, planlegging og administrasjon, årsstudium

2. vara Utdanningsutvalet: Ida Margrethe Ulvestad, planlegging og administrasjon, årsstudium

1. vara Internasjonalt utval: Vidvuds Karlis Sulcs, engelsk årsstudium

2. vara Internasjonalt utval: Daria Jermacane,

3. vara LMU: Ingrid Wikdahl, sosionom, 1. året

4. vara LMU: Sindre Rabben Tronstad, grunnskulelærer 1-7

2. vara TUFO: Bodil Lerøy, musikk, årsstudium

2. vara Forskingsutvalet: Bodil Lerøy, musikk, årsstudium

Sak 42 – 21/22: Helsing frå NSO

Type sak: Orienteringssak

Leiar i NSO – Norsk studentorganisasjon, Tuva Todnem Lund, heldt digitalt innlegg der ho fortalde om NSO sitt arbeid og kva som står på agendaen for tida, blant anna:

- 60 mill i ekstramidlar til lågterskel psykisk helsetiltak for studentar
- Studentøkonomi: gjennomslag for straumstipend, jobbar vidare for dagpengeordning og auka studiestøtte.
- 2022 Frivilligheita sitt år. Arbeider for betre vilkår for studentfrivilligheit.
- Implementering av to-sensor-system i ny Universitets- og høgskulelov
- Forenkle system for bygging av studentbustadar. Mål at 20 % av studentane skal ha tilgang på bustad gjennom Samskipnadane. I dag er talet på 13 %.

Det vart opna for spørsmål og innspel.

Sak 43 – 21/22: Velferdsgruppa sitt samtaletilbod

Type sak: Orienterings/diskusjonssak

Studentprest Ruth Eva Sollie orienterte om samtaletilbodet som studenthumanisten, studentpresten og studentrågjevaren i SiVolda tilbyr studentane.

Det vart opna for spørsmål og innspel.

Debatten:

- Fint at de har fokus på heile mennesket, at det ikkje treng å vere dødsalvorleg
- Tilbodet er lite promotert, få kjenner til det. Høyrer berre om det første skuledag. Plakatar er bra for å vere synleg.
- Viktig å klargjere at det ikkje treng å handle om spesifikt om studentlivet
- Studentar flest skil ikkje mellom HVO og SiVolda, info på dei to nettsidene kunna vore kopla meir saman
- Samtalerommet bør vere tilgjengeleg og innbydande. Trygt, heimekoseleg, vatn å drikke, ikkje så sterilt. Reklamer gjerne med gratis kaffi og å berre stikke innom, la folk sjekke ut både tilbodet og dei fysiske lokala før ein tek steget og ber om ein samtale

Sak 44 – 21/22: Stand og promotering av Studentparlamentet

Type sak: Orientering/diskusjonssak

AU ønsker å få med representantane i Studentparlamentet til stand framover for å bl.a. promotere Fadderveka. Medlemmane i Studentparlamentet meldte seg som frivillige til å bidra på stand.

Pause – synfaring lokaler i underetasje Strøm

Sak 45 – 21/22: Framtidige lokaler for Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen orienterte i saka. Lokala i Strøm-bygget vil stå ferdig i oktober 2023. Lokala i Hustrykkeriet kan vere innflyttingsklare ilt våren 2023 eller tidlegare, då dei står tomme i dag. Bokhandelen må flytte når Aasen skal rivast/renoverast i 2023.

Oppsummering av debatten

Hustrykkeriet:

- Meir sentralt plassert på Hustrykkeriet enn underetasjen på Strøm
- Kan bli attraktivt ved at det ligg tett på så mange funksjonar, som kantine, bibliotek, studentservice og då også bokhandel
- Storleiken på hustrykkeriet er bra, og har kvalitetar ved at arbeidsplassen blir skjerma for lyd.
- Uheldig at det er dobbelt dør inn, kan gjere terskelen høg for å vitje oss

Strøm:

- Vurderer Strøm som minst attraktivt då det er meir usynleg og avsidesliggjande
- Vi blir endå meir gøymt bort på Strøm enn på Hustrykkeriet. Lokala på Strøm kan bli veldig fine, men meir krevjande å få studentar til å begynne å opphalde seg der. Det er lettare der alt anna skjer
- Synlegheit er viktig, men med litt innsats, kan vi gjere det attraktivt på Strøm og drage studentar dit. Strøm har fine lysforhold med større vindauge.
- Trappa ned gjer det vanskeleg å gjere lokala tilgjengelege. Det kan fort bli som kjellaren på Kaarstad. Der er det kjempefine lokaler, men dei blir knapt brukt.

Dagens lokaler:

- Førstepri ville ha vore der vi er i dag, men ser på det som usannsynleg med tanke på ønska/krava til bokhandelen
- Dagens lokaler er dei mest synlege, og vi trivast godt der, men har sine manglar med lyd/lys/skjerming.

Votering: Det var 9 stemmeberettiga til stades under voteringa. Studentparlamentet gjennomførte ei kupp-votering. Hustrykkeriet fekk flest stemmer i første runde, medan dagens lokaler og underetasje Strøm fekk likt stemmetal. I neste runde fekk underetasje Strøm fleire stemmer enn dagens lokaler.

Vedtak: Studentparlamentet rangerer dei tre alternativa for framtidige lokaler i denne rekkjefølgja:
1. Hustrykkeriet 2. Underetasjen Strøm 3. Dagens lokaler

Sak 46 – 21/22: Idear og innspel til Fadderveka 22

Type sak: Diskusjonssak

AU er i gang med ein prosess der vi evaluerer Fadderveka og ser på moglege endringar til neste års fadderveke, og bed om innspel frå Studentparlamentet.

Debatten:

Opplevelse av å bli tatt imot, informasjon

- *Gi fadrar betre opplæring/tips i korleis vere fadder, sosiale aktivitetar og korleis skape inkluderande miljø*
- *Betre informasjonsdeling mellom SiVolda og fadrane. Opplevd som to separate løp, mangla kommunikasjon. Fadrane hadde ikkje oversikt over kva som skjedde på Rokken*

Faddergruppene

- *Organiser dei ut i frå klasser/studium. Ønskjer å bli kjent med medstudentar på same studium.*
- *Fungerte dårleg å mikse halvt om halvt frå to totalt ulike studium*
- *Viktig å verve nok studentar til å dekkje opp alle studium*
- *Bli-kjent leikar, lavterskel-aktivitetar utan alkohol*
- *Balanse mellom «alle må delta» og å sikre at folk er komfortable før dei må hive seg uti noko*
- *Oppfordre fadrar til å oppretthalde gruppa litt utover semesteret. Unngå bråstopp etter 1 veke. Opprette fb-gruppe som kan vare også eit stykke etter fadderveka. Så kan folk forlate gruppa når dei vil.*
-

Program / aktivitetar

- *Sosiale aktivitetar, bli kjent viktig. Unngå at det å bli kjent går bort i fyll*
- *Fleire aktivitetar som har med studiet og Volda å gjere, som guide, rebus, tur.*
- *Mindre drikkeleiar og fest på vekedagar, spar det til helga*
- *Studierelevante aktivitetar, fagleg input, som kunstutstilling til kunststudentar etc.*
- *Sikre tilbod/aktivitetar også for 2. årsstudentar og oppover. Unngå at Rokken og alt av arrangement og aktivitetar kun er forbeholdt 1. årsstudentar*
- *Få fekk med seg organisasjonstorget. Fadrane burde aktivt ta med seg faddergruppa til BK denne dagen*
-

Gjennomføring og tidsramme

- *Ta høgde for dårleg ver og lag ein god plan B*
- *Spreie aktiviteten litt meir utover, unngå at alt klumpar seg saman til dei første dagane*

Sak 47 – 21/22: Strategiplan for HVO 2022-29, endeleg versjon

Type sak: Orienteringssak

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik orienterte om den nye strategiplanen, Studentparlamentet sine gjennomslag og vidare prosess med å utarbeide konkrete handlingsplanar for må oppnå punkta i strategiplanen.

Sak 48 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Info frå AU, dette skjer framover:

- Allmøte for tillitsvalde i morgon, 27.01.22
- Pris for internasjonalisering. Nominasjonsperiode med frist 10. februar. [Nominer studentorganisasjonar her.](#)
- Promotering og tilsetjing av nytt faddervekeestyre februar. [Søknadsskjema her.](#)
- NSO landsmøte 21.-24. april. Formøte 2.-3. april. Vi vel delegatar på neste møte.

Saker som er planlagt utover våren:

- Prinsippprogram: diskusjon på februarmøtet, vedtak på marsmøtet.
- Vedtektsendringar: intro og evt. vedtektskomite på februarmøtet, vedtak på marsmøtet.
- Miljøfyrtårn og bærekraft
- Resultat av studiebarometeret på februarmøtet
- Valt vs tilsett rektor

Info frå studentar i råd og utval

- LMU godkjent handlingsplan for inkludering

Sak 49 – 21/22: Eventuelt

Type sak: Kostnad for printing/utskrift

Medlem i Studentparlamentet, Calvian Thomas Berget, tok opp problematikk knytt til gratis-prinsippet og krav til store mengder printing knytt til eksamensinnlevering etc. på estetiske fag, utan at det blir dekt/kompensert av HVO meir enn dei ordinære 30 kopiane på studentkortet.

Vedtak: Studentparlamentet får lagt fram ei grundigare sak om dette til neste møte.

Møteslutt ca 20.00